



Haus  
helselag

Osterøy kommune  
Geitaryggen 8  
5282 Lonevåg

Haus, 30.mai 2023

### **Meld.St.15 «Leve heile livet» og reforma «Bu trykt heime»**


Haus helselag viser til samtalar med administrasjonen i 2020 og brev til Osterøy kommune 12.02.21 og 21.05.22 der me ber om at Haus får sentrumsnære utleigebustader for eldre. Me viser til sentrale føringar og forventningar om planarbeid i kommunane, og Osterøy sin kommuneplanen samfunnsdel 2021-2031. Kommunane som tomteeigar vert oppfordra til å setje vilkår/klausular ved sal av eigedom. Samfunnsdelen- og arealdelen av kommuneplanen legg opp til å styrke områdesentra. Det er ynskjeleg at Osterøy kommune bidrar i planarbeidet slik at det verkeleg går an å «leve heile livet» og tilretteleggja for trivsel og gode møteplassar for både gamal og ung i områdesenteret Haus.

Kommunen eig Hetlevikhuset med 4 bustader og butikk- næringsareal i 1.etg. Arealet står delvis tomt fordi bygget må renoverast/sanerast for å verta fullverdig husvære og næring/butikk lokale.

Kommunen bør vera aktivt for å bidra til å styrka områdesentra. Haus helselag ynskjer at kommunen kan være pådrivar for samskaping mellom private- og offentleg. Me ynskjer infomasjon frå Husbanken om muligheter til samarbeid mellom Husbanken, frivillige organisasjonar, næringsliv, kommunen og utbyggjarar for å sikre utleigebustader 65+ og å vidareutvikle og stabilisere områdesenteret Haus. Kan eldrekollektiv eller bustadbyggjelag for 65+ vera eit alternativ?

I 2019 var aldersbustadane omgjort til omsorgsbustader og aldersbustader vart ikkje lenger eit butilbod i Haus. Det vil vera eit stort pluss for bygda vår og for kommunen at dei eldre kan bu i Haus også etter at dei ikkje ynskjer/kan bu i einebustader lenger.

Med helsing  
For Haus helselag

  
Margrethe Riple Ådland  
Leiar telef. 97056668  
haushelselag@gmail.com



Vigdis Fossheim  
Nestleiar tlef.95105468